



Sak nr 27/2008

Møtedato: 5.7.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 791

## S 791, Rensenn – søknad om tilbygg på sel

Kari-Anne Slåttsveen og Bjørn Haugen søker om å få rive delar av det gamle selet og føre oppatt eit tilbygg med nytt areal på 72,5 m<sup>2</sup> (BRA). På stølen er det er eit uthus på 8 m<sup>2</sup> med utedo og vedbod. Huset er så dårleg at det må rivast. Søkjarane ynskjer å ta desse funksjonane inn i tilbygget selet. Eksisterande sel er i stølsregistert ført opp med 59 m<sup>2</sup>.

Ved gjennomgang av teikningane syner det seg at arealet på det påbygde selet er 77,6 m<sup>2</sup> (BRA).

På stølen er det registert følgjande bygningar: fjøs: 130 m<sup>2</sup> og sel: 59 m<sup>2</sup>. Stølen er i bruk til fôrproduksjon. Søkjaren overtok eigedomen i januar 2008 og Slåttsveen skal i følgje landbrukskontoret overta drifta den 1.7.08.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskrifta der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Oppland fylkeskommune har i brev datert 28.4.08 gjeve slik uttale:

*Vi anbefaler at en bygger inn eller tar ut av planen den overbygde terrassen. Denne typen uteplasser er det ingen tradisjon for på stølshus. Vi vil videre foreslå at antall vinduer reduseres og at de plasseres enkeltvis - ikke to og to sammen. Takutstikkene bør være korte. Alt dette forslår vi for å gjøre en bedre tilpasning til det tradisjonelle stølshusets noe tilknyttede og lukkede fonn som skiller stølshus fra nyere hyttebygging.*

Statskog har i brev datert 28.4.08 gjeve slik uttale:

*I den senere tiden har det blitt trukket inn nye arealangivelser ved byggesøknader på støler. Det kan på den ene siden være naturlig at også denne delen av forvaltningen følger generelle normer for arealangivelse, men i og med at tidligere benyttede arealangivelser i lang tid fremover vil fremgå av blant annet seterregisteret mener vi det er ryddig å synliggjøre hva slags forskjeller dette utgjør i praksis.*

*Av søknaden fremgår det at bruksarealet (BRA) på eksisterende sel er 48 m<sup>2</sup>, og at tilbygget har et bruksareal på 18 m<sup>2</sup>. Samtidig opplyses det at påbygget totalt sett vil medføre en utvidelse på 18,6 m<sup>2</sup> dersom man river uthuset og inkluderer dette i selet. Dette regnestykket går ikke opp, noe vi går ut ifra beror på en regnefeil. Av vedlagte tegninger fremgår det imidlertid at tilbyggets bruksareal er på 24 m<sup>2</sup>.*

*Beregninger etter tidligere praksis viser at eksisterende sel er 58,4 m<sup>2</sup> stort (BYA), og at tilbygget blir ca. 28 m<sup>2</sup> stort etter tilsvarende regnemåte. Etter hva vi kan se vil selet etter en utvidelse som omsøkt bli ca. 86 m<sup>2</sup> stort (BYA).*

*I søknaden poengteres det rett nok med at noe av tilbyggets areal ikke vil medføre tilsvarende utvidelse av stølens totale bygningsmasse ettersom uthuset ønskes revet. Vi stiller imidlertid spørsmål ved om en støl i bruk kan se seg tjent med å ikke ha et egnet uthus.*

*For øvrig opplyses det i søknaden at begge er lærere, og at ingen av de med det første vil være bosatt på bruket.*

*I fjellova er det satt lave krav for at støler som er tatt i bruk fortsatt skal kunne kategoriseres for å være i bruk. Dette kan sees i sammenheng med at det også er fastsatt en lang frifallstid for støler i statsallmenninger selv om de ikke er i bruk. En av årsakene til dette er etter vår forståelse at bruksrettsseter skal være en dynamisk ordning som skal ta høyde for generasjonsskifter og endringer i landbruket for øvrig.*

*Dette betyr imidlertid ikke at enhver bruksrettsseter i bruk skal kunne bygges ut etter eget forogdtbefinnende, og følgelig er det fjellstyret gjennom seterforskriftens § 13 som skal gjøre en konkret vurdering av den enkelte bruksrettsseters behov for hus i forbindelse med rasjonell utnytting av seteren. Statskog skal i denne sammenheng gis anledning til å uttale seg i saken.*

*Sett opp mot at den planlagte driftsformen på denne stølen medfører innhøsting av en 18 dekar stor stølsvoll 1-2 ganger gjennom sesongen, er vår oppfatning at eksisterende sel dekker behovet for husvære i forbindelse med en slik drift av denne stølen.*

*Skulle stølsbruker ha et vedvarende ønske om å rive uthuset for å inkludere dets funksjoner i selet vil vi ikke ha innvendinger til dette. Men vi mener dette bør kunne gjennomføres med et tilbygg tilsvarende uthusets størrelse, og i så fall bør alle uthusets funksjoner ivaretas gjennom et slikt tilbygg slik at stølen for fremtiden ikke vil ha behov for uthus så lenge driftsformen ikke endres vesentlig.*

*Vi fraråder følgende fjellstyret å tillate en utvidelse av selet som omsøkt.*

Søkjaren har før møtet bedt om at fjellstyret behandler søknaden med eit redusert areal på 70 m<sup>2</sup>. Søkjaren har ikkje hatt tid til å utarbeide nye teikningar, og dette vil bli oversendt seinare. Søkjaren ber om at fjellstyret behandler søknaden på prinsipielt grunnlag for å få avklara om dei kan få byggje sel på 70 m<sup>2</sup>.

Statskog er bedt om uttale til endra søknad på 70 m<sup>2</sup>. Dei opplyser at tidlegare uttale står ved lag, dvs at dei kan tilråda eit sel på 67 m<sup>2</sup> (BYA).

På stølar med fôrproduksjon har fjellstyret praksis for å godkjenne sel opp til 70 m<sup>2</sup>. Statskog har tidlegare ikkje hatt merknader til dette. Ved å følge rådet frå Statskog om 67 m<sup>2</sup> (BYA) vil det bli forskjellsbehandling samanlikna med tidlegare søknader.

**Vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for sel på 70 m<sup>2</sup> (BRA) og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Teikningar av selet må leggjast fram for fjellstyret for godkjenning før bygging kan ta til. Utforming av selet må vera meir i samsvar med uttale frå Oppland fylkeskommune.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.5.08

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Kari-Ann Slåttsveen og Bjørn Haugen, Ringveien 29, 2830 Raufoss  
Statskog  
Oppland fylkeskommune  
Vestre Slidre kommune